
Fra: Victor Ebbesvik <Victor.Ebbesvik@ks.no>
Sendt: 31. mai 2016 14:03
Til: Bergen kommune; Etne kommune; Sveio kommune; Bømlo kommune; Stord kommune; Fitjar kommune; Tysnes kommune; Kvinnherad kommune; Jondal kommune; Odda kommune; Ullensvang kommune; Eidfjord kommune; Ulvik herad; Granvin kommune; Voss kommune; Kvam herad; Fusa kommune; Samnanger kommune; Os kommune Hordaland; Postmottak Austevoll; Sund kommune; Fjell kommune; Askøy kommune; Postmottak Vaksdal; Postmottak Modalen; Post Osterøy; Postmottak Meland; Øygarden kommune; Postmottak Radøy; Postmottak Lindås; Post Austrheim; Postmottak Fedje; Post Masfjorden kommune; hfk@hfk.no; bystyrets.kontor@bergen.kommune.no
Kopi: Astrid Toft; Vidar Kjøraas
Emne: Samling/nettverk for ordførarar og varaordførarar i Hordaland
Vedlegg: Prosjekt ordførernettverk 070316.docx

Att. Ordførarar og varaordførarar
Fylkesordførar og fylkesvaraordførar

KS Hordaland har som siktemål å skipe til eit nettverk for ordførarar og varaordførarar i fylket. Føremålet med eit slikt nettverk er primært å gjere dykk enda tryggare i rolla som ordførar/varaordførar.

Til å vere med oss å leie eit slikt nettverk har vi inngått eit samarbeid med Petter Steen jr., mangeårig ordførar i Haugesund og ein av prosessretteleiarane i KS sitt folkevaldprogram. I arbeidet som prosessretteleiar har han fått veldig gode skussmål for den jobben han har gjort. For meir informasjon om korleis vi kan sjå for oss eit slikt nettverk legg eg ved eit kort notat som Petter laga for ei tid attende.

Oppstartsamling for nettverket vert **07.-08. september**. Kor ofte ein skal møtes etter dette, tema for dei komande samlingane m.v. vil i stor grad vere opp til deltakarane sjølve. Det kan vere ein gong i året, halvårleg eller til og med hyppigare dersom de ønskjer det.

Vi hadde tenkt å starte opp tidlegare i år, men såg raskt at t.d arbeidet med kommunereforma ville ta ein god del av tida dykkar, så vi valde å utsetje oppstart til hausten. Det kan jo og vere ein fordel at mange av dykk som er nye i verva frå sist haust no har gjort dykk nokre erfaringar, og har nokre «knaggar» å hengje problemstillingane på. Nettverket er imidlertid tenkt å vere både for dei som er nye i verva og for dei som har lenger erfaring. Det er viktig å få med alle erfaringar på godt og vondt inn i samlingane.

I denne omgang ber eg dykk merke av dei aktuelle datoane, så vil vi litt seinare kome attende med endeleg innbyding, program, tid og stad m.v.

Vonar de vil finne dette tilbodet interessant !

Beste helsing

Victor Ebbesvik
Seniorrådgjevar
Senior Adviser

Epost Email: victor.ebbesvik@ks.no
Telefon Phone: (+47) 24 13 26 00
Mobil Cellular: (+47) 91 14 82 73
<http://www.ks.no>



KOMMUNESKTORENS ORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities